




Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Regionalt miljøprogram for Møre og Romsdal 2013 – 2016, 2017, 2018



Miljøprogrammet vart sett i verk frå 1. juli 2013, og er sist endra frå 1. juli 2018 etter samråd med organisasjonane i landbruket.

Innhald

1	Innleiing	3
2	Søknad, utbetaling og kontroll m.m.	4
2.1	Kven kan søkje?	4
2.2	Søknadsfrist	4
2.3	Søknadsskjema	4
2.4	Vedtak, dispensasjon og klage	4
2.5	Utbetaling	5
2.6	Kontroll	5
2.7	Konsekvensar av feil opplysningar	5
2.8	Tilbakebetaling og motrekning	5
2.9	Kulturlandskapskrav	5
3	Tilskotsordningane	6
3.1	Slått av lokalt verdifulle jordbrukslandskap	6
3.2	Beite av lokalt verdifulle jordbrukslandskap	7
3.3	Skjøtsel av bratt areal	7
3.4	Drift av beitelag	8
3.5	Skjøtsel av slåttemark	9
3.6	Skjøtsel av kystlynghei	9
3.7	Tilrettelegging av fuglebiotopar	10
3.8	Drift av enkeltseter med mjølkeproduksjon	10
3.9	Drift av felleseter med mjølkeproduksjon	11
3.10	Drift av enkeltseter med foredling	11
3.11	Drift av felleseter med foredling	12
3.12	Skjøtsel av gravminne	12
3.13	Ingen/utsett jordarbeiding	12
3.14	Spreiing i vår/vekstsesong	13
3.15	Bruk av tilførselslangar – tillegg til 3.14	14
4	Iverksetting	14

1 Innleiing

Møre og Romsdal har store natur- og kulturlandskapsverdiar. Landskap, biologisk mangfald og kulturminne gjev grunnlag for næringsutvikling og verdiskaping, opplevingar, helse, trivsel og kunnskap. Fortsatt aktiv landbruksdrift er ein føresetnad for skjøtsel og vedlikehald av eit attraktivt kulturlandskap.

Første utgåva av Regionalt miljøprogram (RMP) kom i 2004, og hadde ei levetid på fire år. Programmet vart revidert i 2009, for perioden fram til og med 2012. Vi gjekk i 2013 inn i ein ny fireårsbolk, som skulle vare fram til og med 2016. Det er blitt forlenga med to år i påvente av ein større nasjonal programrevisjon.

Dei nasjonale og regionale miljøprogramma er etablerte for å styrke miljøarbeidet i jordbruket, og for å synleggjere jordbruket sin miljøinnsats. Norge er internasjonalt forplikta til ulike miljømål og avtaler, blant anna gjennom ulike EU-direktiv og FN-konvensjonar.

Kvart fylke har ansvaret for eigne tiltak, som er forankra i desse hovudområda:

- tiltak for å ivareta kulturlandskapet
- tiltak for å redusere forureiningar

I RMP for Møre og Romsdal for perioden 2009 – 2012 var 14 av totalt 15 tiltak forankra i tiltak for å ivareta kulturlandskapet, medan berre eitt var forankra i tiltak for å redusere forureiningar. Fram til 2012 har om lag 93 % av løyvingane gått til kulturlandskapstiltak, og 7 % til tiltak for å redusere forureiningar.

Dei siste åra har det vore mykje merksemd rundt bruk og handtering av husdyrgjødsel. Gjødselhandtering er relevant i samband med avrenning og vasskvalitet, klimagassproblematikk og ressursforvaltning. Med dette som bakgrunn legg vi til rette for ei målretta satsing for å møte desse utfordringane. Nye tiltak innan gjødselhandtering fører til relativt store endringar i regelverket for RMP i Møre og Romsdal, og mange fleire av bøndene i fylket vil no vere i posisjon til å søkje om tilskot gjennom RMP enn det som har vore tilfelle tidlegare.

Der er også endringar i regelverket for tiltak under temaet Biologisk mangfald. Der er det mellom anna innført tiltak for å verne hekkeplassane til dei utryddingstruga fugleartane som hekkar på innmark. For å kunne søkje om tilskot til vern av hekkeplass, må hekkinga vere registrert av Miljøvernavingdelinga hos Fylkesmannen, og tiltaket må avtalast med Fylkesmannen. Tilskot til skjøtsel av artsrik slåttemark er ei vidareføring av tidlegare tiltak, men det er innført krav om at Miljøvernavingdelinga hos Fylkesmannen skal ha utarbeidd skjøtselplan for desse slåttemarkene, og at det er inngått skjøtelsavtale, for at dei no skal vere tilskottsberettiga.

Nytt for programperioden 2013-2016 er at alle tiltak skal hentast ut frå ein generell *meny* av tiltak som gjeld for heile landet. Dette er gjort for å forenkla prosess og forvaltning, og for å gjere det enklare å kunne samanlikne opplegga i dei ulike fylka.

Ny forskrift om produksjonstilskot frå 01.01.2015 og oppheving av forskrifta om miljøplan skapte behov for ei ekstra revidering og endring av miljøprogrammet for Møre og Romsdal og tilhøyrande forskrift. Fellesreglane i forskrifta blir etter krav frå Landbruksdirektoratet endra i tråd med forskrift

om produksjonstilskot og samordna med resten av landet, miljøkravet er teke inn i forskrifta som eit grunnvilkår, og vilkåra for skjøtsel av kystlynghei er lagt om og knytt til inngått skjøtelsavtale. Tiltaket for utsett jordarbeiding er knytt til arbeidet med vannforskrifta.

SMIL – spesielle miljøtiltak i jordbruket – og Regionalt miljøprogram er dei viktigaste verktøya for å stimulere til «miljørett» drift. SMIL-midlane blir fordelt på kommunane frå fylkesmannen, og forvalta med utgangspunkt i lokale strategiar. Det kommunale handlingsrommet er relativt stort, men avgrensa av nasjonale føringar. Fordelinga på kommunane blir gjort med utgangspunkt i jordbruksarealet i kommunen, talet på aktive gardsbruk og med ei skjønsmessig vurdering i høve til historisk miljøproblematikk. SMIL skal brukast komplementært og styrkande i forhold til andre miljøtiltak. SMIL kan brukast for å støtte opp om beiting, og SMIL-midlane kan brukast til miljørelaterte hydrotekniske tiltak. Regionalt miljøprogram er frå 2013 førande for deling av SMIL-midlar til kommunane.

2 Søknad, utbetaling og kontroll m.m.

2.1 Kven kan søkje?

Føresetnaden for å kunne søkje tilskot i miljøprogrammet, er at føretaket har rett på produksjonstilskot. Krava om miljøplan er borte frå 2015, men vidareført som grunnvilkår. For tiltaka *Skjøtsel av slåttemarkar, skjøtsel av kystlynghei og Tilrettelegging av fuglebiotopar* er det krav om at Miljøvernavinga hos Fylkesmannen registrerer og utarbeider skjøtselplan. Bruken av gjødsel må kunne dokumenterast i kontroll.

Tilskot kan også bli gitt til beitelag godkjende av kommunen - gjeld tiltaket Drift av beitelag.

2.2 Søknadsfrist

Fristen for å søkje om tilskot i Regionalt miljøprogram er 15. oktober. Det kan søkjast for dei dyra og det arealet føretaket disponerer per 1. oktober. Søknadsfristen for tilskot til beitelag er 1. november. Beitelag søkjer om tilskot for tal dyr som kjem att frå utmarksbeite om hausten. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har fastsett ein reduksjon i tilskotet på kr 1000 per virkedag søknaden vert levert etter søknadsfristen. Søknader som vert levert meir enn 20 virkedagar etter fristen, skal avvistast.

2.3 Søknadsskjema

Søknaden skal leverast på elektronisk skjema. Det beste er å søkje elektronisk via www.landbruksdirektoratet.no eller på www.altinn.no. Dette gjeld både for den ordinære RMP-søknaden med søknadsfrist 15. oktober og søknad om tilskot til beitelag med søknadsfrist 1. november. Dei som ikkje har høve til å søkje elektronisk, kan få skjema og rettleiing frå kommunen. Det vert også lagt ut informasjon om tiltaka på nettsida til Fylkesmannen, www.fylkesmannen.no/more-og-romsdal

2.4 Vedtak, dispensasjon og klage

Det er kommunen som fattar vedtak etter forskrift om tilskot gjennom Regionalt miljøprogram for Møre og Romsdal. Dersom eit føretak ikkje fyller vilkåra i forskrifta, kan Fylkesmannen i Møre og Romsdal i særlege tilfelle gje dispensasjon. Søknad om dispensasjon skal stilast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, og sendast til kommunen. Dispensasjon kan gjevast berre der det er ei mellombels årsak til at vilkåra ikkje er oppfylte. Det vert ikkje gjeve varige dispensasjonar. Vedtak fatta av kommunen, kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Vedtak fatta av Fylkesmannen i Møre

og Romsdal som førsteinstans, kan klagast til Landbruksdirektoratet. Klagefristen er 3 veker etter at søkjaren vart gjort kjend med vedtaket.

2.5 Utbetaling

Tilskotet vert utbetalt i mars/april året etter. Tilskotet vert utbetalt til det føretaket som disponerte dyra og/eller arealet per 1. oktober, og som søkte. Bankkontonummer skal ikkje førast i søknaden. Bankkontonummer oppgitt i søknad om produksjonstilskot vert nytta ved utbetaling. Søkjarar som skal endre bankkontonummer i samband med innlevering eller etter at søknaden er levert, må gjere endringa i Altinn.no – under «Mitt landbruksføretak». Søkjar som ikkje har tilgang til Altinn, kan få skjema for endring av kontonummer hos kommunen.

2.6 Kontroll

Søkjarar pliktar å gje dei opplysningane som forvaltninga krev, og godta kontroll, dersom det blir kravd. Søkjaren pliktar å legge til rette for at kontrollen kan utførast. Søknaden kan bli avslått, dersom kontrolløren ikkje får høve til å gjennomføre kontrollen på tilfredsstillande vis.

2.7 Konsekvensar av feil opplysningar

Dersom det blir gjeve feil opplysningar i søknaden, og dette kan føre til eller fører til at utbetalinga blir høgare enn føretaket ville fått etter korrekte opplysningar, kan tilskotet bli avkorta heilt eller delvis.

2.8 Tilbakebetaling og motrekning

For mykje utbetalt tilskot kan verte kravd tilbakebetalt eller motrekna i seinare tilskotsutbetalingar til føretaket. Krav frå offentlege styresmakter, som gjeld føretaket si jordbruksverksemd, kan motreknast. Dette kan til dømes gjelde tvangsmulkt for brot på dyrevelferdslova, husdyrkonsesjonslova eller forureiningslova. Skuldig skatt og meirverdiavgift kan motreknast. Det same gjeld ubetalte kommunale avgifter. Utlegg frå namsmannen etter tvangsfullbyrdingslova kan også motreknast i utbetalingar av tilskot gjennom Regionalt miljøprogram.

2.9 Kulturlandskapskrav

Føretak som tek mot tilskot gjennom Regionalt miljøprogram, kan ikkje gjere inngrep i kulturlandskapet utan at kommunen har gjeve samtykke. Normal skjøtsel av eigedomen vert ikkje rekna som inngrep. Dette er dei same vurderingane som for føretak som søker produksjonstilskot.

3 Tilskotsordningane

Miljøtema Kulturlandskap

Aktivitetsområde: Regionalt prioriterte kulturlandskap

3.1 Slått av lokalt verdifulle jordbrukslandskap

Tiltaksklasse: Areal med spesielle verdier

Føremålet er å stimulere til vidare drift i område med særskilt verdifullt kulturlandskap og marginalt jordbruk. Dei ulike sonene er teikna inn på kart, som finst i kommunane.

Det kan gjevast tilskot til slått av areal som ligg innanfor områda i lista nedanfor, når dei er godkjende for areal- og kulturlandskapstilskot i produksjonstilskot. **Arealet skal haustast ved slått.**

Prioriteringar i dei nasjonale registreringane av verdifulle kulturlandskap og registreringane i Storfjordprosjektet er lagde til grunn, når det er peika ut 12 viktige område som mål for dette tiltaket. Dei 12 områda er avgrensa slik:

1. Sunndal kommune: Grøvuvasdraget; alt areal som har avløp til elva Grøvu frå og med Børstølen og oppover.
2. Nesset kommune:
 - a. Eikesdalen; alt areal frå og med gardane Vike og Hoem og oppover
 - b. Areala på Bugge; frå og med Breivika til og med Bleineset
3. Rauma kommune: Romsdalen; alt areal frå Trollveggen til Oppland grense
4. Storfjordområdet:
 - a. Stordal kommune: Dyrkornvassdraget og Stordalsvassdraget ovanfor Vad bru (Nøredalen)
 - b. Stranda kommune: Heile Geirangerbygda og alle fjordvende gardar på begge sider av fjorden med Ljøen til og med Liene, vidare på austsida av fjorden frå og med Ansok til grensa mot Stordal
 - c. Norddal kommune: Alle bygdene på sørsida av fjorden frå og med Tafjorden til og med Indreeide
5. Ørsta kommune: Norangsfjorden og Norangsdalen
6. Herøy kommune: Runde, Nerlandsøya og Skorpa
7. Giske kommune: Området ved Alnes fyr
8. Midsund kommune: Tautra
9. Hustadvika i kommunane Fræna, Eide og Averøy
 - a. Fræna kommune: Buaværet og alt areal vest for Nasjonal Turistveg frå Bergset til grensa mot Eide kommune
 - b. Eide kommune: Vevangbygda og Årsbogen
 - c. Averøy kommune: Sona omfattar øyane langs Atlanterhavsvegen. Vidare vert sona avgrensa slik at den omfattar eksisterande jordbruksareal i områda nordaust for Atlanterhavsvegen, til og med Storesandøy, Hasseløyseter og området rundt Vågvatnet. Deretter går avgrensinga sørover til fylkesveg 250 (Staurnesvegen) og følgjer denne til krysset med riksveg 64. Mot sør vert området avgrensa av riksveg 64 mellom krysset med Staurnesvegen og krysset med Atlanterhavsvegen, vidare av fylkesveg 247 så langt sør som til og med Grovaneset.

10. Smøla kommune: Sørsmøla; alle gardane frå og med gnr. 14 Kuløy, til og med gnr. 42 Skarpnes.

Tiltaket omfattar ikkje dei nydyrka myrane på Holmsvassmyra, Røkmyna og Jøstølmyra

11. Haram kommune: Heile Ulla, unnateke fjellet. Frå «bruvegen» på Flem og heile nordsida av

Flemsøy/ Skuløy til og med nordlegaste garden på Nogva

Førebels sats:

Tiltak	Kr per dekar
Slått av lokalt verdifulle jordbrukslandskap innanfor soner	130

3.2 Beite av lokalt verdifulle jordbrukslandskap

Tiltaksklasse Areal med spesielle verdiar

Føremålet og avgrensinga av prioriterte område er dei same som i tiltaket ovanfor, tiltak 3.1, men i dette tiltaket vert arealet skjøtta ved beiting. Tilskotet vert tildelt etter tal dyr, men er avgrensa av ein øvre sats per daa, som tilsvarar 2,5 daa per dyreeining.

Førebels sats:

Tiltak	Kr per dyreeining
Beite av lokalt verdifulle jordbrukslandskap (innanfor soner)	100
Sats ved avgrensing av arealet, 40 kroner per dekar	

1 vaksen sau/geit = 1 dyreeining, 1 mjølkeku = 5 dyreeiningar, 1 ungdyr/hest = 3 dyreeiningar

Aktivitetssområde: Oppretthalde kulturlandskapet

3.3 Skjøtsel av bratt areal

Tiltaksklasse Helling 1:5

Føremålet er å sikre framleis drift på bratt jordbruksareal. Dei brattlendte bruka som framleis er i drift, representerer ein viktig del av kulturlandskapsverdiane i fylket. Dette gjeld både biologisk mangfald, kulturminne og landskap.

Tilskot kan gjevast til føretak som driv minimum 10 dekar fulldyrka eller overflatedyrka jord med ei helling på 1:5 eller brattare. Alt areal som fyller vilkåra, dannar grunnlag for utbetaling, også dei første 10 dekar. Arealberekningane i kartprogrammet i eStil bør leggast til grunn.

Areal skal haustast ved slått til fôr. Skjøtsel ved beiting gjev ikkje lenger grunnlag for tilskot.

Førebels sats:

Tiltak	Kr per dekar
Skjøtsel av bratt areal (slått av areal 1:5 eller brattare)	200

3.4 Drift av beitelag

Tiltaksklasse Sau/geit/storfe

Føremålet er å legge tilhøva til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, og å redusere tap av dyr på utmarksbeite gjennom organisert tilsyn, organisert sanking og andre målretta fellestiltak i beiteområda.

Tilskot kan gjevast til beitelag som er godkjende av kommunen, og som organiserer felles beitebruk i utmark for sau, geit, storfe og hest i minimum 5 veker i sommarhalvåret. Mjølkkande kyr og geit, og dyr som heile beitesesongen beitar på innmark, er ikkje omfatta.

Det kan søkjast om tilskot til drift av beitelaga gjennom Regionalt miljøprogram, og søknadsfristen er sett til 1. november. Det kan òg søkjast om tilskot til investeringar gjennom Organisert beitebruk (tidlegare SMIL). Kontakt kommunen for meir informasjon.

Tilskotet vert betalt ut etter ein fast sats per storfe og per småfe som kjem att frå beite om hausten. Sjå utbetalingsrundskriv, som vert utsendt i februar kvart år.

Godkjenning og krav til beitelag

Beitelaga skal godkjennast av kommunen. Laga må ha minst 3 medlemmar og 150 småfeeiningar.

1 småfeeining = 0,1 storfe = 0,1 hest = 1 sau = 1 lam = 1 geit = 1 kje.

1. Husdyrhaldet som er omfatta av beitelaget si verksemd, må drivast i samsvar med lover og forskrifter som gjeld for husdyrhald
2. Beitelaget må vere registrert i Einingsregisteret
3. Laget skal vere ope for alle brukarar som har tilgang til utmarksbeite i eit område der samarbeid kan fremje bruken av beiteområda
4. Laget skal bruke alle tilskot til laget til å fremje den organiserte beitebruken i området gjennom felles tiltak. Tilskotet kan ikkje betalast direkte ut til medlemmane i beitelaget
5. Laget skal organisere effektivt og forsvarleg tilsyn og sanking av eigne og andre sine dyr i laget sitt område, tilpassa lokale forhold. Beiteområdet skal inspiserast minst ein gong per veke, i samsvar med «Forskrift om velferd for småfe»
6. Laget skal samarbeide med tilgrensande lag når det kan effektivisere ressursbruk og utnytting av beita. Dette gjeld særleg sanking og ettersanking.
7. Laget skal notere på fastsett skjema opplysningar om gjennomført tilsyn (dato, tilsynsrunde, unormale tilhøve i beiteområdet og tiltak som er sette i verk). Norsk Sau og Geit har utarbeidd skjema og notisbøker til dette føremålet. Fylkesmannen i Møre og Romsdal og kommunen kan be om å få lagt fram denne dokumentasjonen.
8. Laget skal sende årsrapport på fastsett skjema til kommunen

Førebelse satsar:

Tiltak/tiltaksklasse	Kr per dyr
Sau, lam, ammegeit og kje som kjem att frå beite om hausten	15
Storfe og hest som kjem att frå beite om hausten	20

Miljøtema Biologisk Mangfold

Aktivitetsområde: Utvalde naturtypar

3.5 Skjøtsel av slåttemark

Føremålet er å stimulere til skjøtsel av verdifulle, artsrike slåttemarker, slik at det biologiske mangfoldet og andre kvalitetar ikkje vert forringa.

Tilskot kan gjevast til føretak som skjøttar artsrike slåttemarker i samsvar med skjøtelsplan og utarbeidd av Miljøvernavinga hos Fylkesmannen, og det skal signerast ein skjøtselavtale. Det kan gjevast tilskot for inntil 500 daa artsrike slåttemarker for heile fylket. Dersom det vert søkt om tilskot til meir enn 500 daa, vil satsen per daa bli redusert tilsvarande.

Vilkår

1. Areal som skal ha tilskot, må ligge i Naturbase, eller vere registrert og planlagt innlagt i Naturbase som slåttemark med verdi A eller B
2. Areal som ikkje eller i liten grad har vore gjødsla, skal prioriterast
3. Arealet må vere i slik hevd, at dei verdiane som ligg til grunn for registreringa framleis er til stades, eller vil kome attende ved planlagt restaurering
4. Miljøvernavinga hos Fylkesmannen utarbeider skjøtelsplan for tiltaket, og inngår ein skjøtselavtale med søkjaren. Avtalen må vere på plass før registreringsdato.

Førebels sats:

Tiltak	Kr per dekar
Skjøtsel av slåttemark	1000

Aktivitetsområde Prioriterte naturverdiar

3.6 Skjøtsel av kystlynghei

Tiltaksklasse Verdifull kystlynghei

Kystlyngheia vart utvikla i yngre steinalder gjennom at områda vart svidde og tatt i bruk som beite. Endra driftsformer med mindre beite i denne typen landskap gjer at dei store samanhengande lyngheiane er i ferd med å forsvinne. Tiltaket legg til rette for aktiv bruk av kystlynghei, særleg område med stor natur- og kulturhistorisk verdi.

Vilkår

- Område det blir gitt tilskot til må vere registrert som kystlynghei med verdi A eller B i Miljødirektoratet sin Naturbase.
- Søklar må inngå skjøtelsavtale med Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skjøtelsplan bør utarbeidast innan 2 år etter avtale er inngått.
- Beitetrykket skal vere slik at arealet sin eigenart blir oppretthalden. For hardt beitetrykk fører til at grasartane tek over. For svak beiting fører til at røsslyngen blir grov og vediktig, og fôrverdien blir redusert. For å unngå dette, må det beitast jamt og eventuelt brennast der røsslyngen har blitt for gammal.
- Området skal ikkje jordarbeidast, planerast eller tilførast gjødsel, såfrø eller plantevernmidlar.

- Automatisk freda kulturminne og nyare tids kulturminne på omsøkte areal skal haldast ved like.
- Det skal takast omsyn til eventuelle hekkeplassar for fugl, særleg under brenning.
- På lokalitetar med registreringar av raudlista fugleartar kan det bli stilt krav om skjøtselsplan/brenneplan.
- Dyrehald skal vere i tråd med krava i Lov om dyrevelferd av 19. juni 2009 nr 97.
- Maksimalt tilskot per føretak og søknad er avgrensa til kroner 50.000.

Førebels sats:

Tiltak	Kr per dekar
Skjøtsel av kystlynghei	40

3.7 Tilrettelegging av fuglebiotopar

Raske endringar i måten vi driv jordbruk på, særleg tidlegare slåttetidspunkt, kan slå ut heile bestandar av fugleartar som hekkar i slåttemark. Åkerrikse er den arten vi kjenner til som er hardast råka av endra slåttepraksis. Den hekkar i eng, og både egg, ungar og vaksne fuglar blir øydelagde under gras-haustinga. Denne arten er no kritisk truga. Andre artar som hekkar i eng, og som i dag er registrerte som trua i Møre og Romsdal, er vipe, storspove og grashoppesangar.

Eit effektivt tiltak mot utrydding av truga artar, er å setje av areal der det er registrert hekking av trua artar, slik at det ikkje blir slått før fuglane og ungane har forlate området. Tidlegaste slåttedato vert sett til 1. august. Fôret vil i slike tilfelle ikkje vere nyttbart, verken første eller andre slått, og bonden blir kompensert for fôrtapet.

Tilskott kan løyvast der areal vert sett av for å verne reirplassen til truga fugleartar, som hekkar på innmark. Arealet må kartfestast. Fuglearten, hekkeplassen, storleiken og forma arealet skal vere registrert og godkjent av Miljøvernavinga hos Fylkesmannen for det aktuelle året - så tidleg i sesongen som råd. Det skal gjerast avtale med Miljøvernavinga om tiltaket i kvart enkelt tilfelle. Ta kontakt straks hekking blir oppdaga. Arealet kan ikkje haustast før 1. august.

Førebels sats:

Tiltak	Kr per dekar
Tilrettelegging av fuglebiotopar (hekkeplass)	2 000

Miljøtema Kulturmiljø og kulturminne

Aktivitetsområde Setring

3.8 Drift av enkeltseter med mjølkeproduksjon

Tiltaksklasse 4-6 veker

Føremålet er å oppretthalde og stimulere til auka bruk av setrane i fylket. Dette for å ta vare på, vidareføre og vise fram setermiljøet og halde ved like det biologiske mangfaldet som er knytt til denne driftsforma. Føremålet vil gjelde både dei sidene av seterkulturen som er knytt til bygningar, til foredling av mjølka og til stell av landskapet ved beiting og slått.

Føretak som har kyr eller geiter fordelt på to eller fleire setrar, kan berre få eitt setertilskot. Derimot kan føretak som har kyr på ei seter og geit på ei anna, få tilskot for to setrar.

Tilskot kan gjevast til føretak som har heile eller deler av **mjølkeproduksjonen på seter i minst 5 veker i sommarhalvåret**. Dyra skal mjølkast på setra.

Godkjenning av nye setrar må sjåast i samanheng med det som finst av tradisjonell seterkultur på staden. Jord som tidlegare har vore brukt til vanleg jordbruksdrift med heilårs busetnad, skal som hovudregel ikkje godkjennast. Det er med andre ord ein føresetnad at seterområdet er eit tillegg til den daglege gardsdrifta, i eit område der det ikkje er mogeleg eller naturleg å bu heile året.

På ei seter kan det vere fleire seterhus, der ulike føretak driv seterdrift. For at seterdrifta til eit føretak skal definerast som eiga seter og ikkje felleseter, skal det ikkje vere nemneverdig samarbeid med andre føretak om drifta. Kwart føretak skal til dømes ha åtskild husrom til mjølkning, med eige mjølkeanlegg og tank.

Førebels sats:

Tiltak	Kr per seter
Drift av enkeltseterdrift med mjølkeproduksjon	50 000

3.9 Drift av felleseter med mjølkeproduksjon

Tiltaksklasse 4-6 veker

Føremålet og regelverk er det same som for tiltak 3.8. Der fleire samarbeider om seterdrifta, skal tilskotet fordelast på tal deltakarar i fellesetra. Deltaking er uavhengig av om søkaren har andel eller ei. Alle som deltek på den same setra, skal føre opp likt tal deltakarar på søknaden. Det skal vere **mjølkeproduksjon på setra i minst 5 veker i sommarhalvåret**. Dyra skal mjølkast på setra.

Førebels sats:

Tiltak	Kr per seter
Drift av felleseterdrift med mjølkeproduksjon	50 000

3.10 Drift av enkeltseter med foredling

Dette er eit ekstra tilskot til dei som driv seterdrift med mjølkeproduksjon, og som også driv med foredling av eiga mjølk ved t.d. ysting og kinning.

Vilkår for å få ekstra tilskot:

1. Det skal bu folk på setra i minst 5 veker om sommaren.
2. Minst 3 kyr eller 12 geiter skal mjølkast på setra kvar dag i minst 5 veker.
3. Mjølka skal vidareforedlast på setra.
4. På setra skal det vere hus for opphald og overnatting, fjøs og rom for handtering av mjølka.
5. Setra skal vere tilgjengeleg for besøk. Dette skal gjerast kjent ved skilting, annonsering, eller på annan måte.
6. Produksjonen må vere godkjent av Mattilsynet.

På seter som får ekstra tilskot, bør vere mogleg å få kjøpt lokalt foredla mjølkeprodukt. Visning av seterkulturen ved t.d. demonstrasjon av tradisjonelle driftsformer som kinning, separering, ysting,

Ljåslått, kvessing av ljå, hesjing, lauving osv vil vere svært positivt. Grupper som t.d. skuleklasser, kan på denne måten få oppleve seterulturen ved smak, lukt og eiga deltaking i aktivitetar.

Førebels sats:

Tiltak	Kr per seter
Drift av enkeltseter med foredling	20 000

3.11 Drift av felleseter med foredling

Føremålet regelverk er det same som for tiltak 3.10. Der fleire samarbeider om seterdrifta og foredlinga, skal tilskotet fordelast på tal deltakarar i fellesetra. Deltaking er uavhengig av om søkaren har andel eller ei. Alle som deltek på den same setra, skal føre opp likt tal deltakarar på søknaden.

Førebels sats:

Tiltak	Kr per seter
Drift av felleseter med foredling	20 000

Aktivitetsområde: Automatisk freda kulturminne

3.12 Skjøtsel av gravminne

Føremålet er å synleggjere automatisk freda kulturminne som ein viktig ressurs for identitet, kunnskap og oppleving.

Tiltaket gjeld gravminne som er synlege på overflata, som ligg på innmark og som ikkje er sterkt skada eller øydelagde. Det er òg ein føresetnad at gravminna er registrerte i minst eitt av følgjande offentlege register:

- Riksantikvaren sin database «Askeladden»
- Økonomisk kartverk
- Møre og Romsdal fylkeskommune sitt arkeologiske arkiv

Det kan gjevast tilskot til inntil 20 gravminne per føretak.

Førebels sats:

Tiltak	Kr per stk
Skjøtsel av gravminne på innmark	1 000

Miljøtema: Avrenning til vassdrag og kyst

Aktivitetsområde: Andre område

3.13 Ingen/utsett jordarbeiding

Føremålet er å unngå jordarbeiding om hausten og stimulere til etablering av vegetasjon, for å redusere erosjon og avrenning frå kornareal og areal med eittårig raigras. Tiltaket skal også støtte opp under arbeidet med vassforvaltninga.

Tilskot vil kunne bli gitt for kornareal og areal med eittårig raigras, der jordarbeidinga vert utsett til våren. Område vil bli ved særleg utsette vassdrag, når dette er fastsett i tråd med vannforskrifta¹. Dette tiltaket kan bli justert i programperioden med ulike satsar, avhengig av den fastsette erosjonsrisikoen i området. Inntil vurdering av erosjonsrisikoen er utført, er satsen for tiltaket sett til 0.

Søklarane fører opp det arealet det er planlagt å utsetje jordarbeidinga på. Kommunen må varslast om eventuelle endringar frå planen innan 1. november.

Førebels sats:

Tiltak	Kr per dekar
Inga/Utsett jordarbeiding	0

Miljøtema Utslepp til luft

Aktivitetsområde Miljøvenleg spreieing av husdyrgjødsel

Husdyrgjødsel er ei av dei viktigaste kjeldene til forureining frå landbruket. Føremålet er å få ei best mogleg utnytting av næringsstoffa i den husdyrgjødsla som er tilgjengeleg på kvart enkelt føretak, samstundes som avrenninga av næringsstoff vert redusert, og det vert mindre utslepp av skadelege klimagassar, som ammoniakk (NH₃) og lystgass (N₂O) til lufta. Ei effektiv utnytting av husdyrgjødsla vil også redusere behovet for innkjøpt mineralgjødsel i landbruket. Redusert tilførsel av næringsstoff er ei ressurs sak i tillegg til å vere økonomisk gunstig og bra for miljøet.

3.14 Spreieing i vår/vekstsesong

Den viktigaste årsaka til avrenning av næringsstoff frå jordbruket, i hovudsak nitrogen og fosfor, er gjødselspreieing om hausten eller seint i vekstsesongen, når det er lite opptak i plantene. Ei best mogeleg utnytting av næringsstoffa i husdyrgjødsla og minst mogeleg risiko for tap til miljøet omkring blir oppnådd ved spreieing tidleg i vekstsesongen.

Tilskot kan gjevast til føretak som produserer husdyrgjødsel, som spreier all husdyrgjødsla om våren og etter 1. slått. Tilskot kan gjevast til alt areal der husdyrføretaket spreier minst 5 kg total-N/daa. Dette svarar til om lag 1,5 tonn blautgjødsel frå storfe eller svin og om lag 0,7 tonn sauegjødsel per daa. Arealet der det er spreidd husdyrgjødsel skal haustast eller beitast etter siste spreieing.

Siste frist for alle former for spreieing av husdyrgjødsel frå føretaket er 10. august. Det kan ikkje spreieast husdyrgjødsel på noko areal føretaket disponerer eller andre areal etter 10. august.

Bruken av husdyrgjødsel må kunne dokumenterast med notat om skifte gjødsla vart spreidd på, spreidd mengde per dekar og spreietidspunkt.

Førebels sats:

Tiltak	Kr per dekar
Spreieing i vår-/vekstsesongen	40

¹ Forskrift 15. 12.2006 nr 1446 Forskrift om rammer for vannforvaltningen

3.15 Bruk av tilførselsslanger – tillegg til 3.14

Tap av lystgass er størst i fuktig, tett jord med høgt nitrogeninnhald. Kombinasjon av beresvak jord, bruk av tungt utstyr, fuktig klima og store mengder husdyrgjødsel gjer at potensialet for lystgasstap er stort i mange område. Bruk av tilførselsslanger i staden for tankvogn for å transportere husdyrgjødsel frå lageret og ut på marka er eit tiltak som kan vere med på å redusere tap av lystgass gjennom redusert jordpakking.

Dette tiltaket er eit tillegg til pkt. 3.14. Det er såleis ein føresetnad at all spreieing av husdyrgjødsel frå føretaket vert avslutta seinast 10. august, og at avlinga blir hausta i etter siste spreieing.

Tilskot kan gjevast til føretak som produserer husdyrgjødsel og brukar tilførselsslanger i staden for tankvogn for å transportere husdyrgjødsel frå lager og ut på jorda. Tilskot kan gjevast til alt areal som oppfyller vilkåra etter punkt 3.14, dersom det er brukt tilførselsslanger med spreieutstyr. Arealet skal haustast eller beitast etter siste spreieing.

Bruken av husdyrgjødsel må kunne dokumenterast med notat om skifte gjødsel vart spreidd på, spreidd mengde per dekar og spreietidspunkt.

Førebels sats:

Tiltak	Kr per dekar
Bruk av tilførselsslanger	50

4 Iverksetting

Miljøprogrammet vart sett i verk frå 1. juli 2013, og er endra frå 1. juli 2014, 1. juli 2015, 1. juli 2016 og 1. juli 2018, etter samråd med organisasjonane i landbruket.